

# Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,  
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 1 · Vår 2021  
92. årgang



Dåp i Åmotsdal kyrkje 24. januar 2021

## Redaksjon

917 23 967 | post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

## Oppnigstider

Tys/ons/tor 09-13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemanna på grunn av oppdrag ute.

## Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest

907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Ungdomsprest

909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Kyrkjeverje

917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Natalia Furmankova, Kantor

451 96 255 |

natalia.furmankova@seljordkyrkje.no

## Kyrkjeterarar

Ivar Øygarden

907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge

975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

## Seljord sokneråd

Bergit Lisleåsheim Telnes | 906 91 674

bergit.telnes@seljord.kommune.no

## Heimeside

www.seljordkyrkje.no

# Kveitekornets lov – ein nykel til påskebodskapen

Er du ein av dei som slit med å forstå påskebodskapen? Jol er greitt seier mange, men påsken er noko meir vrien.

Jesus bruker det me gjerne kallar for kveitekornets lov når han skal seie kva påsken handlar om. Slik seier han det i Johannes-evangeliet 12. kapittel, vers 24:

«Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døy, blir det verande berre eitt korn. Men døy det, gjev det stor grøde.»

Desse orda seier Vår Herre straks etter at han hadde ridd inn i Jerusalem på palmesundagen.

Kveitekornet er som settepotten. Han er full av liv når du set han i jorda. Etter ei tid kan du hauste fleire friske poteter, medan settepotten sjølv er daud og nyttelaus. Slik er det og med kveitekornet. Det har mykje liv i seg. Når det døy i jorda, fører dette til at det veks opp rik grøde.

I påska vart kveitekornets lov synleggjort på åndeleg vis. Jesu krossdød på langfredag blei påskemorgon krona med liv og siger.

**MIN SALONG**  
**Damefrisør**  
**Seljord tlf 35 05 02 96**

Din møbelbutikk  
**BøSenteret as**

Møbel og teppeforretning

Postboks 44, 3835 Seljord, Tlf. 35 06 53 33

Når Jesus talar om kveitekornets lov, seier han samstundes at dette har sitt motstykke i våre eigne liv. I påfølgjande vers i Johannes 12 seier han slik:

«Den som elskar livet sitt, mistar det. Men den som hatar livet sitt i denne verda, skal berga det og få evig liv.»

Desse orda leier kanskje tankane våre til Frans av Assisis bøn:

*For det er ved å gi at vi får  
ved å tilgi at vi blir tilgitt  
ved å miste vårt liv at vi finner det  
Det er ved å dø at vi oppstår  
Til evig liv.*

Salmediktaren Svein Ellingsen har på ein fin måte gjeve forklaring til kveitekornets lov. Slik skriv han i salmen Såkorn som dør i jorden:

*Såkorn som dør i jorden,  
oppstår som fylte aks  
Druer som knuses i gjærkar,  
modnes til gyllen vin.  
Gud, gi oss troen tilbake:  
Tro gjennom dypest mørke,  
liv gjennom natt og død.*

God og glad påske til kvar einskild i Seljord sokn.

Dag Harald Undheim



**Funnemark**  
Seljord



**Morgedal  
Rør as**

post@morgedalror.no - 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord



**BYGGMAKKER**  
Seljord Elektriske  
Telefon 35 06 50 00

## Nytt frå soknerådet

I haust blei dei fleste av planlagte arrangement avlyst eller utsett på grunn av korona.

Først ut var biskopen i Telemark og Agder som utsette visitasen i omlag eitt år.

Me måtte også avlyse Tysdagsklubb og Babysong frå november og framover vinteren.

Programmet med joleskikkar som Ørnulf Hodne skulle hatt 10.desember blei også avlyst.

Men me greidde å gjennomføre salmekveld i Flatdal kyrkje medan me enno var i jubileumsåret for Landstad si salmebok.

Av programmet kan me nemne at Dag Harald Undheim snakka om Landstad som salmediktar, og underteikna fortalde om arbeidet hans med å få gjeve ut salmeboka. Størstedelen av programmet var song og musikk. Me song fleire av salmane hans, og Torunn Raftevold Rue og Natalia Furmanova spelte hardingfele, orgel og piano.

Sidan me ikkje kunne fylle kyrkja, fekk me ordna med strøyming av denne kvelden. Hans Inge og Jack Hagen tok seg av dette slik at ein kunne fylgje programmet frå sin eigen heim. Programmet vart også

liggjande på nettsidene til Seljord kommune og Kyrkja i Seljord slik at ein kan sjå det i ettertid.

I desember kom det diverse innstramming av kor mange me kunne samlast i kyrkjene våre. Me måtte sitje med to meter mellom kvar, og det blei innskrenking i høve til nattverd og kyrkekaffi. Alt for å hindre smittespreiing.

Dette passa därleg når me veit at advents-, og joletida er den delen av året då mange vil samlast i kyrkja.

Frå desember til mars måtte me ha påmelding til gudstenester, og det er ikkje mange som får plass i kvart gudshus.

For at fleire kunne fylgje messa på jolefutan vart det ordna med strøyming av den eine gudstenesta frå Seljord kyrkje.

Seinare laga Hans Inge Hagen ein «jole-spesial» med ulikt kulturstoff frå Seljord. Der var både salmekveld og jolegudssteneste med. VTB kunne melde at dette programmet var blitt sett 22000 gonger i løpet av jolehøgtida. Strøyming av kyrkjelege arrangement er noko me kan nytte oss av også etter at korona-epidemien har tatt slutt.

Sidan samfunnet etterjolefeiringa vart prega av auka smitte, vart kyrkjene over heile landet stengt i nokre veker. No er

dei opna att, men det er strenge restriksjonar på kor mange som kan vera samla innandørs.

Det som gjev håp om meir normale tider, er at vaksineringa har kome i gang også i vår kommune. Difor satsar me på ei varsam opning av nokre aktivitetar som Tysdagsklubb og føremiddagstreff. Sjå meir om dette andre stader i bladet.

Til slutt kan eg nemne eit nytt tiltak som soknerådet har stilt seg bak; Bygdetråkk. Dette er eit tilbod til alle som vil gå tur i lag med andre. Me møtest på skuleplassen kvar onsdag kl. 18.00. Så blir ein delt i grupper som brukar ein times tid på å gå tur. På denne måten kan ein bli ein del av eit fellesskap samstundes som ein får rørt litt på seg. Kjent med nye personar kan ein også bli. Bygdetråkk er eit samarbeid mellom Seljord kommune og ein god del friviljuge lag i Seljord.

Seljord sokneråd har møte om lag ein gong i månaden. Er det saker de vil ta opp med oss, kan de kontakte leiaren, Bergit, eller kyrkjeverje, Jon. Telefonnummer og e-post-adresse står på første side i bladet.

Bergit Lisleåsheim Telnes

## Livet som omvisar i ei lita steinkyrkje frå 1180

*eg har lært at  
folk helst vil  
vera for seg sjølv*

*kjenne vibrasjonane  
frå ei eldgammal altertavle  
og telje benkeradar*

*sjølv om dei smiler og  
bukkar og spør som besett*

*vil dei berre vere åleine*

*Svanhild Amdal Telnes, 2010*

Seljordsjenta Svanhild skreiv dette diktet då ho som 16-åring hadde sommarjobb som omvisar i Seljord kyrkje. Med det kom ho til finalen i Dagbladet og Diktkammeret sin sommarkonkurranse.

I 2018 debuterte ho med diktsamlinga «Om nettene brukar mor dråpeteljar» på Gyldendal. For den blei ho innstilt til Tarjei Vesaas debutantpris.

I år kjem diktsamling nummer to ut. Også denne på Gyldendal. Denne diktsamlinga har tittelen: « Å jage ein hjort i døden.»

## Takk for meg!

Fra august 2019 til januar 2021 har jeg vært ansatt som diakon i Seljord sokn. Det har vært en stor glede å få litt kjent med flere i kommunen. Tjenesten på Nesbukti, Nestunet og på Steinmoen i Åmotsdal har vært spesielt givende. De forskjellige formiddagstreffene har også vært svært hyggelige. Kontakt med barnehage og skoler, gudstjenestelivet og samtaler med enkeltpersoner har alt sammen gitt meg en videre horisont, og takknemlighet over å få være i en så verdifull tjeneste.

Stillingen i Seljord har vært delt med Hjartdal kommune. Kombinasjonen av disse tjenesteneområdene har vært

## Takk til Torill

Som Torill Solli Haugen skriv i dette bladet så har ho vore tilsett som diakon i Seljord, Flatdal og Åmotsdal i 17 månader. Halve stillinga hadde ho i Hjartdal, som kjøpte hennar tenester av Seljord sokn. Å vera diakon er å møte menneske, det har Torill gjort på ein god måte i samfunnet vårt. Ho har gjennom eit langt og allsidig yrkesliv skaffa seg verdifull erfaring som ho har nytta i tenesta. Torill

*Nutheim Gjestgiveri*



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43

krevende. Mye kjøring, seks kirker, fire sykehjem, to menighetsråd, to staber, to diakoniutvalg og mange menighetshus. Jeg valgte derfor å si opp min stilling i Seljord, for utelukkende å tjenestegjøre i Hjartdal i 50% fra nyttår.

Jeg er imidlertid fortsatt tilgjengelig for både taler og andakter i Seljord, dersom det skulle være ønske om det. Ellers vil jeg i tiden som kommer tilby kurs og foredrag i ulike emner utfra eget firma.

Alt godt til hver især fra

*Torill  
Diakon.*

likar å stå framfor forsamlingar og dele med andre den kunnskapen ho har, og vil som ho skriv gjerne stille opp ved ulike høve. Eg vil til slutt takke Torill Solli Haugen for den innsatsen ho har gjort for innbyggjarane i Seljord, og ønskje henne alt godt som diakon i Hjartdal.

*Jon Svartdal*

**Vi er her. Alltid.  
Også nå.**

Tjenesten vår er flyttet til kvalitetssikrede hjemmekontor, og er fremdeles åpen - for alle som trenger noen å snakke med.

22 40 00 40  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

 **KIRKEN'S  
SOS**

## Endring i smittevernet i kyrkja

Etter lengre tid med unntakstilstand, er det ikkje lengre naudsynt med førehandsmelding til messe. Kyrkjene våre kan no ha slikt deltokartal:

**Seljord 35, Flatdal 30, Åmotsdal 35,  
Manndal 21, Nutheim 15.**

Det skal framleis vere 2 meter avstand. Dei som utgjer same kohort kan sitje saman. Alle må sitje på tilvist plass - det vil seie på sitjeplass som er markert med utlagd program/salmebok/sitjepute. Er

du ikkje frisk, må du vere heime. Nattverd vil framleis bli utført med smitterestriksjonar, og det same gjeld ofring. Dei som er i kyrkja blir registrerte. Denne registreringa vert lagra i 14 dagar.

Velkommen til kyrkjene i Seljord sokn.

*Dag Harald Undheim*

Aut. Installatør  
**Dyrud Elektro AS**

3840 Seljord      Tlf. 35 05 80 80  
[www.dyrud.no](http://www.dyrud.no)   [post@dyrud.no](mailto:post@dyrud.no)



*Når du trenger elektriker*

**BYGGMESTER  
T.A. GUSTAVSEN AS**

 **TLF. 975 17 817**   
[byggmester@live.no](mailto:byggmester@live.no)



**AASMUNDSEN BAKERI**

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVARER**

# Velkommen til dåp i Seljord, Flatdal og Åmotsdal

Kjære foreldre.

Gratulerer med det nyfødte barnet!

Vi i Seljord, Flatdal og Åmotsdal kyrkje-lydar vil gjerne dele gleden med dere og ønsker velkommen til dåp i Seljord kyrkje, Flatdal kyrkje eller Åmotsdal kyrkje (eller i kapella i Manndal, Svartdal eller på Nutheim).

Tidligere fikk kirkekontoret tilsendt fødselsmeldinger fra sykehusene slik at vi kunne sende invitasjoner til de nybakte foreldrene, men det har vi ikke anledning til lenger på grunn av personvernloven.

## Når

De fleste døpes i løpet av de tre første månedene, men noen barn er eldre. Og nesten hvert eneste år har vi dåp av konfirmanter som ikke ble døpt som barn, men som velger å tilhøre kirken gjennom dåp og konfirmasjon.



Biletet er frå dåp av Eivind Haugland Skaret, i Seljord kyrkje 31. mars 2019. Det er Tonje Vibeto som er fotograf.

(Denne teksta er lånt av kyrkjebladet til Sauherad og Nes. Sokneprest Anne Inger Lunner har skrevet den. Teksta er redigert på dei plassane ho bryt over til nynorsk. Redigeringa er gjort av Dag Harald Undheim.)

## Hvordan

Når dere har bestemt dere for dåp, går dere inn på nettadressa seljordkyrkje.no/livets-gang og registrerer opplysninger der. Her ser dere hvilke datoer som er aktuelle for den enkelte kirke.

## Valg av navn

Barnets navn registreres i Folkeregisteret, før dåp.

## Faddere

Barnet må ha to til seks faddere. Disse må være over 15 år (eller konfirmant) og skal normalt være medlem i Den norske kirke. Å være fadder innebærer å hjelpe barnet til kristen tro, men det viktigste er å ha omsorg for det. Fadderne kan gjerne bidra med tekstlesing eller andre gjøremål under dåpen.

## Dåpssamtale

Etter at ønsket om dåp er registrert, får dere en bekreftelse på dette og blir invitert til dåpssamtale med presten.

For spørsmål ta gjerne kontakt med de ansatte på kirkekontoret som ligger i 2. etasje på Brøløsvegen 48, eller via tlf og e-post. Se gjerne også Den norske kirkes hjemmeside, [www.kirken.no/dåp](http://www.kirken.no/dåp).

*«Fylt av glede over livets under,  
med et nyfødt barn i våre hender,  
kommer vi til deg som gav oss livet,  
kommer vi til deg som ga oss livet.»*

Dåpssalme 586 i Norsk salmebok

## Dåp i koronatid

Kanskje du lurer på om det kan late seg gjøre å ha dåp i kyrkja i koronatid.

Då er svaret dette: Det er fullt mogeleg å ha dåp i denne tida. Fleire vel dåp i eiga dåpsmesse. Ei slik messe kan haldast på

kva vekedag som helst - mange finn det likevel best med sundag, eller ein annan dag nært sundagen.

Ta gjerne kontakt med sokneprest om du ønskjer meir informasjon.



Biletet viser Martin saman med foreldre og fadrar ved dåp i Åmotsdal kyrkje 24. januar 2021

## Naglet til et kors på jorden

Naglet til et kors på jorden  
henger under vredens torden  
himlens herre og Guds Sønn.  
Selv den evig gode Fader  
ham i kvalene forlater,  
hører taus hans angst bønn.

Å, la aldri noensinne  
korsets tre meg gå av minne,  
som deg, frelsens fyrste, bar!  
Men la kors og død og smerte  
tale, rope i mitt hjerte  
hva min frelse kostet har!

*Benjamin G. Sporon*



## Konfirmasjonsrådstenester 8. og 9. mai 2021 Seljord

### Laurdag 10.30

Martine Hogstad Sveinsson  
Mari Almquist Roheim  
Kaja Berge  
Silje Steinmoen Odden  
Tuva Lie Ståland  
Tiril Lie Ståland

### Laurdag 13.30

Mina Marie Dahl Haugholmen  
Kristine Eilefstad  
Kristian Eilefstad Berntzen  
Amalie Stenstad Sandsdalen  
Sander Tørre Strøm  
Adrian Flatland Sandvik  
Eirik Slåkvik

### Laurdag 12.00

Åsne Gunvaldjord  
Malin Råmunddal  
Olav Brennemo Eriksen  
Katrine Braaten  
Signe Romtveit  
Daniel Flatland

### Sundag 11.00

Ann Cathrin Øygarden  
Sunniva Aafløy Bredesen  
Leah Prestholt Lorne  
Sarah Nilsen Andersen  
Emma Hagen  
Elise Klingan Valla  
Anette Braaten

## Konfirmasjonsrådsteneste 23. mai 2021 Flatdal

### Sundag 11.00

Aurora Haugen  
Ambros Rønjom Rue  
Eirik Barstad Birkrem  
Ørjan Bjålid  
Maren Isabel Haustveit Aase  
Torjus Mæland

## Samtalegudsteneste

og fest for konfirmantar og nære familie  
blir i idrettshallen på Granvin  
18. april kl. 11:00.



**Circle K Seljord**

Varm mat • Bilvask • Tipping  
Dekkverksted • Gass

Tlf. 35 05 04 88  
Brølusvegen 29, 3840 Seljord



## Digital konfirmantleir på Kompetancesenteret!

Det er fortsatt arbeid som står att i det nye kompetancesenteret til Ønsket og Elsket, men såpass langt har vi kome, at vi har begynt å ta lokala i bruk til både konfirmant- og leiarsamlingar, møter og det daglege arbeidet for staben.

Første del av vinterferien fekk vi verkeleg testa lokala grundig, og fylt kompetancesenteret med liv og røre! Grunna korona-pandemien fekk ikkje årets konfirmantar reist på felles konfirmasjonsleir i fjor sommar. Leirane vart utsett til vinterferien, men heller ikkje då var det mogleg å

samle over 200 ungdommar på. Alternativet vart i staden ein digital konfirmantleir, mandag til onsdag i vinterferien, der konfirmantane var saman lokalt i sin kyrkjelyd og følgde eit digitalt opplegg som vart sendt live frå Kompetancesenteret. Om lag 160 av prostiets

konfirmantar deltok på leiren, og fleire av dei lagde sine eigne lokale leiarar der dei deltok på digitalleiren.

Det blei ei bratt læringskurve for gjengen, med ti ungdomsleiarar pluss dagleg leiar og ungdomsarbeidar, som hadde ansvar

for det digitale opplegget, og det vart jobba døgnet rundt i fem dagar til ende, med planlegging, innhald og redigering. Mellom slaga sov vi på luftmadrassar rundt på bygget, mellom anna på kontora til både kyrkjeverje, prost og kantor.

Sjølv om vi verkeleg håpar at neste konfirmantleir blir fysisk, der vi kan samle alle konfirmantane på same stad, var det veldig moro å gjere erfaringar med å lage ein live digitalleir, og ikkje minst skape så mykje liv på det nye Kompetancesenteret fleire dagar i strekk!

**For 250 kroner**  
kan et menneske få tilgang til  
rent vann resten av livet



Støtt spleisen  
**Bli med på Ønsket & Elskets  
innsamling til årets  
Fasteaksjon!**

Gå til [spleis.no/165981](https://spleis.no/165981)

OBS! 20.-21. mars skal vi i gang igjen! Då skal vi arrangere digital innsamlingsaksjon til inntekt for Kirken Nødhjelpsaksjonen, i samband med Fasteaksjonen, og skal sende live i eit døgn i strekk! Då blir det opent for alle å følge med og vi håpar mange vil kikke innom. Lenke til digitalaksjonen vil bli lagt ut på kyrkja sine Facebooksider. Og allereie no kan du vere med å støtte aksjonen vår, ved å gå inn på [spleis.no](https://spleis.no), og søkje på spleisnr.: 165981

## Pasjonskonsert i kyrkja

Ønskjer du ei stille stund i samband med påska? Då kan kyrkja gje deg desse tilboda:

Det skal vere pasjonskonsert i Flatdal kyrkje Palmesøndag etter gudstenesta. Kantor Natalia Furmankova vil spele pasjonsmusikk.

Den same konserten vil bli halden i Seljord kyrkje onsdag i stille veke kl 19,00.




Kantor Natalia Furmankova vil halde konsert i samband med påskefeiringa. Palmesundag etter messa i Flatdal kyrkje, og onsdag i stille veke kl 19.00 i Seljord kyrkje.

På konserten i Seljord vil det vere song av ein kort pasjonssalme som innramming av det musikalske programmet.

Det musikalske innhaldet i konsertane vil vere henta frå Kjell Mørk Karlssens Kristusmeditasjoner opus 120.

Det vil vere mogeleg å tenne ljós i samband med konsertane. Det er fri entre, og konserten vil vare kring 30 minutt.



«Sanneleg, sanneleg, eg seier dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde.»

## Ved korsets fot

Ved korsets fot  
eg knelar ned,  
der finn mitt hjarta fred.  
Til Golgata eg titt må sjå,  
og med min tanke gå.

Der får eg møte Jesus  
som sona synda mi,  
blei nagla fast til korset,  
det var ingen veg forbi.

Hans krone var av torner,  
og sveiten draup av blod.  
Tenk alt han måtte lide,  
som var kun snill og god.

Me veit han hata synda,  
men elskar syndaren,  
ja røvaren ved sida,  
kom trygt til himmelen.

Når tankar ord og gjerning  
gjev ufred i mitt sinn,  
då må eg hen til korset,  
for der eg Jesus finn.

Eg kan hans stemme høre:  
Du er fri i Kristi blod.  
Han døyde og stod opp att,  
du veit han lever no.

Berit Bakken Aase



# Arrangement på Granvin våren 2021

**Onsdag 24. mars kl. 19.00:**

Rytmisk konsert med Seljord kulturskule

**Torsdag 8. april kl. 18.00:**

Høna, eggget og reven. Riksteatret.

Det er ikkje så moro å vera Høna når Egget hennar plutseleg blir borte. Særleg ikkje når ho finn ein rev i reiret der Egget låg. Riksteatret byr på ei nyklekka teaterforestilling for dei minste. Her møter du Høna, ei sot, sjølvopptatt og smånervøs eggemor. Og Reven, ein smart og sosial type. Saman legg dei av stad på jakt etter det bortkomne Egget. Det blir ei spanande og verdensomspennande reise. Undervegs møter dei mange forunderlege eggspertar: ein strutande og streng strutsemor, ein pertentleg og plettfri pingvinfar, ein hær hodelause lus og ein kappande, kuttande krokodille-kokke. Høna prøverugar mange egg, men ingen av dei føles heilt riktig. Høna, eggget og reven er ei morsom forestilling om venskap, "tilhørigheit" og motgang, og om barn som blir anleis enn foreldra hadde forventa. Ein hyllest til det uperfekte livet! For born frå 4 år og alle vaksne.

**Onsdag 14. april kl. 19.00:**

Arbeiderpartiet – The Musical. Teater Ibsen

Fest setebelta: Forfattaren av Min Venn Fasisten er tilbake! Denne gong med ein musical om Arbeiderpartiet. Bli med på ei turbulent og humpete reise i Arbeiderpartiets historie for å forstå det som i dag er ein intens kamp for å ikkje havne i avgrunnen. Reisa byr på bitande satire og sylkvasse kommentarar, pakka inn i fengande popmusikk i alle variantar.

Vi møter ei gruppe partislitarar frå grasrota i AP, dagen etter eit sviande valgnederlag. Dei fleste er knekt, og alle skuldar på alle. Kvifor har velgarane sviktat dei? Arbeiderpartiet – som bygde landet, som gjennomførte dristige reformer, som hele tida har prøva å fordele ressursane rettferdig – kvifor klarar ikkje dei å nå frem til velgarane? Må partiet totalt endre kurs? I så fall i kva for retning? Mot populisme? Nasjonalisme? Spørsmåla er mange. For kva for visjonar er det egentleg som fungerar i Noreg, i 2021?

**Fredag 23. april kl. 19.00**

Eg snakkar om eg snakkar om det heile tida.

Riksteatret

"Når folk spør meg kvar eg kjem i frå, misforstår jeg med vilje. Jeg svarar Sandefjord. Og når dei spør kvar eg egentleg kjem frå, så svarer eg Bodø."

Fekk ho det som ho ville, hadde dramatiker og forfattar Camara Lundestad Joof sluttat å snakke om rasisme for lenge sidan. Ho vil mykje heller skrive romanar om vampyrar i verden-srommet, men enn så lenge må science fiction vente mens Camara rettar oppmerksomheten vår mot virkelegheten – slik den har møtt og formet henne.

I boka Eg snakkar om det heile tida gjev rasisme i Norge eit sannhetsvitne. Gjennom ein serie historiar og betraktnigar frå eige liv, skildrar Camara korleis rasismen har infisert kvardagen og tankane hennar. Korleis den har endra måten ho beveger seg i verda, og forheld seg til andre menneske

Innimellom historiane tek vi del i tvilen, og frykten for at alt ho gjer, alt arbeidet ho legg inn, til slutt ikkje er til noko nytte. At det ikkje vil gjeira nokon forskjell. Ho ransakar minna. Kva om ho hugsar feil? Korleis skal nokon tru henne då? Eg snakkar om eg snakkar om det heile tida har fått svært gode kritikkar, og blir nå teater for heile landet i Kjersti Horn sin regi.

**29. og 30 april:**

Musikalshow Seljord folkehøgskule

Seljord folkehøgskule er kjent for sine fantastiske musicalshow med flinke ungdomar frå heile landet.

Det er lov til å gå på kulturarrangement. Vi fylgjer smittevernreglane.

**Kjøp billett på [www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no).**

Der ser du og meir info om arrangementa.

**Kino annankvar sundag.**



**Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Kjetil Haugetuft si gravferd**

Helsing tilsette ved Nesbukti pleie- og omsorgsenter

**Hjarteleg takk til alle som besøkte oss og sende blomar og helsingar i 2020**

Helsing avdelingane innan pleie og omsorg, Seljord kommune

**Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven ved Kari Runningen si gravferd**

Helsing tilsette ved Nesbukti pleie- og omsorgsenter, Somatisk avdeling

## Bispevisitas i Seljord

Med jamne mellomrom er det bispevisitas i kyrkjelydane, om lag kvart tiande år. Då kjem biskopen på besøk for å gjera seg kjend i det som før blei kalla Seljord prestegjeld. Etter samanslåinga av sokna heiter det Seljord sokn. Opphaveleg plan var at det skulle vera visitas hjå oss første veka i september 2020. På grunn av Corona-pandemien blei visitasen utsett til fyrste veka i november 2020. Men så utsette Biskopen visitasen til veke 38 i 2021, han ynskte ein fullverdig visitas så han kunne møte alle som ville møte han. Då får vi tru at vi kan nevahelse, dersom ikkje det er ein skikk som blir borte.

Ein visitas krev mykje førebuing, og vi laga ei visitasmelding som blei sendt til biskopen i god tid før den fyrst planlagde visitasen. Den må nok reviderast med nokre nye opplysningar. Biskopen ønskjer å gjere seg kjent med tilstanden i det kyrkjelege arbeidet i lokalsamfunnet. I tillegg til dette, ønskjer han og å få innsyn i ulike sider ved livet på den aktuelle staden visitasen blir gjennomført.

Meir om visitasen med program kjem seinare, men no ønskjer me for tredje gong biskopen velkommen til visitas i Seljord og Flatdal og Åmotsdal.

## Slekters gang

**Døpte:**

Seljord:  
Zelinah Leonora Veberg  
Ingrid Haugland  
Frida Elise Engesæter  
Marius Nenseter-Solås  
Ingebjørg Tveiten Tokvam

Åmotsdal:

Martin Kleiv Jønnardalen

**Døde:**

Seljord:  
Einar Øverland  
Anne Slætta  
Torbjørn Kåre Støyle  
Marie Sanny Aarbakk  
Erlend Eirik Mo, (seremoni i Brunkeberg)  
Gudrun Berge  
Kari Runningen  
Ragnar Haugland  
Harald Brekke

Flatdal:

Trond Kyrkjerd

Åmotsdal:

Kjetil Haugetuft  
Åsne Bjåland

## Kva står skrive på gravstaden

Det er alltid spanande å vandre rundt på kyrkjegarden, og sjå kva minneord som står på dei ulike gravene.

Mange gongar seier teksten noko som kan illustrere den som er gravlagd på den aktuelle staden.

I Seljord er det fint å lese at på grava til Sigurd Telnes står dei finaste orda frå Draumkvedet skrive: For månen skine og vegjine falle så vide.

Og går me til ein annan kjend seljording, nemleg Jørund Telnes, så finn me desse orda på hans gravminne: Han arbeidde meir fyr Folk aa Fedreland enn fyr seg sjølv.

Reiser ein vidare til Åmotsdal, er grava til kunstnaren og kyrkjebyggjaren Jarand Aasmundson Rønjom pryda med desse fine orda, skrive av Olav Bakken:

Han laga klokkor - fine ur.  
Han bygde kyrkjer, stovor, bur.  
Han smida sylv for mang ei brur  
- ein sermerkt, evnerik natur.

Denne teksten finn du i rosemåla utgåve på vestveggen i kyrkja i Åmotsdal. Bjørg Oseid Kleivi har laga dette biletet.

Og om ein lyfter blikket litt ut over vårt eige land, kan ein sjå at store forfattarar som til dømes Fjodor Dostojevskij og August Strindberg har tankevekkande minneord på sine gravstader.

På August Strindbergs grav i Stockholm står desse orda: O crux, ave spes unica. Dette er latin, og oversett til norsk tyder det: Ver helsa kross, mi einaste von.

Den russiske forfattaren og teologen Fjodor Dostojevskij har desse fine orda på si gravstad: Sanneleg, sanneleg seier eg dykk: Fell ikkje kveitekornet i jorda og døyr, blir det verande berre eitt korn. Men døyr det, gjev det stor grøde. Den same Dostojevskij let dei same orda vere innleinga til hans store teologiske romanverk Brødrene Karamasov.

Her heime i Noreg har me mange store forfattarar. Ein av dei er Arne Garborg. Garborg sleit mykje med dei tunga sidene i og av livet. Difor er ord som skugge og skodde sentrale omgrep i mykje av diktina hans.


Arne Garborg er ein av dei få som har fått lov til å vere gravlagd i sin eigen hage. På hans gravstein kan me lese desse orda: Som ljøset hev den eine draum aa brenne ned, han helsar glad den skoddeflaum som gav han fred.

Ved sida av Arne Garborg finn me kona hans si grav – Hulda Garborg. Hulda gjorde ein mykje stor innsats for å gje folket i Noreg frimod til å bruke bunad som festplagg. Utan hennar innsats på dette feltet, kunne bunaden fort ha vorte gløymd. På Hulda Garborgs gravstad står desse orda: Gje meg eit rom i ditt fang, Noreg mi mor som eg elskar.

Dag Harald Undheim

**KLÆR T. TVEITAN % INTERIØR- TEKSTIL**

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86



Teksten på Jarand Aasmundson Rønjoms gravstøtte heng i rosemåla utgåve på veggen i Åmotsdal kyrkje. Det er Bjørg Oseid Kleivi som har laga biletet, medan teksten er skriven av Olav Bakken.

## Gullkonfirmantfest - 24. oktober

Kyrkjesokna har brukta å arrangere ein fest for dei som har 50 års jubileum sidan dei blei konfirmerte. For at det ikkje skal bli litt få deltagarar på festen så har vi i Seljord, Flatdal og Åmotsdal arrangert dette annan-kvarårs, altså for to kull, og vi har samla gullkonfirmantane frå alle dei tre kyrkjene i ei kyrkje. Siste gullkonfirmantfest var i 2019, og i år er det kulla frå 1970 og 1971 det gjeld. Datoen som vil passe for oss i år er 24. oktober i Seljord kyrkje kl. 11:00, med fest på misjonshuset etter messa. Det blir ingen repetisjon av Luther si katekisme der, men ordet blir fritt for dei som har episodar å dele. Dei som er gullkonfirmantar vil få brev med invi-

tasjon, og lista over dei som blei konfirmerte i 1970 og 1971 kjem i neste nummer av Helg og Høgtid. Sidan det er mange av desse jubilantane som har flytt langt vekk frå Seljord kan det vera naturleg at dei organiserer seg og tek ein fest for seg sjølv laurdagen før i ei anna setting. Merk at skyssordninga til gudstenester har avgrensna kapasitet. For dei som blei konfirmerte i 1970 er det 50 år sidan ungdomsskulen blei avslutta i år, og det er neppe aktuelt å feire to slike jubileum på to ulike helgar same året. Me må treffast.

Jon Svartdal, dobbel jubilant

## Tenk jeg som er ringest blant ringe

Han lever, og jeg skal få bringe  
hans venner det salige ord –  
tenk, jeg som er ringest blant ringe,  
den minste han kjenner på jord.

Tenk, jeg skal hans hilsen frembære,  
å kunne jeg synge det ut!  
/:Mer kunne ei engler begjære  
enn gå med så salig et bud.:/

Johan Halmrast




## Helgmål i kyrkjene våre

I forkant av helg, vert det gjort eit opptak i ein av kyrkjene våre – vanlegvis i den kyrkja det skal vere messe komande sundag. Dette opptaket kallar me Helgmål, og det vert publisert på nettstaden YouTube, via vår eiga heimeside på nettet ([www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no)).

I helgmål vil du få ein kortutgåve av komande søndags messe, og det heile vil vare i om lag 10-15 minutt. Til vanleg vil det vere kantor, sokneprest og forsongargruppe som deltek i sendinga, og det heile vil bli innramma av kyrkjeklokkene.

Helgmål kan sjåast på dei fleste digitale plattformar – best resultat får du sjølvsgåt om du kan strøyme sendingane til din eigen TV heime. Enklaste viset å finne sendinga på er å søke i ein nettlesar (for eksempel google). Søk på ordet helgmål i kombinasjon med den kyrkja som har messe komande sundag (for eksempel Helgmål Seljord kyrkje) så vil du forhåpentlegvis finne det du leiter etter. Helgmål er eit tilbod til alle som vil ha ei stille stund når det går mot helg.

DHU



På biletet over kan du sjå starten på Helgmål frå Seljord kyrkje 29. januar 2021.



[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)

3841 Flatdal  
Tlf 350 57005 Mob 971 53661



granvin kulturhus  
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære, kurs, konferansar og selskap.  
Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar.  
Kjøp billettar på [www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no) på grunn av smittevern.*

Granvin Kulturhus AS  
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80  
Epost: [post@granvinkulturhus.no](mailto:post@granvinkulturhus.no)  
[www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no)

## Pilegrimsvandring gjennom Kivledalen til Seljord kyrkje

Sundag 20.juni inviterer Seljord sokneråd til pilegrimsvandring. Me møtest ved kyrkja kl 10.00, og fyller bilar. Ein buss har me og til rådvelde.

Turen går til Tippen ovanfor Kivledalen. Me går så opp gjennom Bygdardalen, der skiløypa går. Det er ein flat og fin grusveg som me fylgjer til me kjem til vegen som går ned gjennom Hanakamjuvet.

Me tek ein stopp ved bruva over til Dal-sykket. Der vil Bergit Telnes fortelje litt om den første gruve drifta på Gullnes, og korleis dei tyske gruvearbeidarane fekk bruke Taraldskyrkja til å halde messe etter luthersk skikk alt i 1540-åra. På venstre side av Hanakamjuvet går den gamle kløvvegen som bergmennene frå Gullnes brukte då dei skulle til Taraldskyrkja på Vallarhaugen. Beitevis er det berre ein smal stig, og det er stupbratt ned mot juvet.

Me held oss på høgre side av juvet. Då går me på vegen som Gullnesdrivarane bygde i 1860-åra. Den gongen var det eit engelsk gruvekompani som dreiv gruvene. Denne vegen var i bruk før biltrafikk, ja dei køyrdet til og med tømmerbilar der.

Det blir fleire stopp på veg ned gjennom juvet med både forteljing, dikt og song.

Frå Tresland går me gjennom Kivledalen til Kivle sydre der Bente Lindvig bur. Her høver det med ein lengre stopp med både niste, kvile og kulturinnslag. Me får

høyre segna om Kivlemøyane, og kan-sje er det nokon som kan spela Torkjell Haugerud sine slåttar på hardingfele. Det vil også bli opplesing av nokre av Hans Godtfred Kivle sine tekstar.

Bente vil fortelje litt om tunet sitt og kva tanken med dei ulike husa er.

Hos Bente er der eit kapell der ein kan ha ei stille stund. Elles kjem både lysthuset Aurora og bakstebua til å vera open. Det er også høve til å bruke utedoen.

Så går turen nedover forbi Åmåg mot Sandbrauti og Hartholt før me endar opp ved Seljord kyrkje. Der blir det servert kaffi og kake før dagen blir avslutta med messe i Seljord kyrkje kl 17.00.

Etter messa blir det organisert transport opp att til Tippen for å hente bilar.

Skulle det verta vanskeleg for nokon å gå heile vegen, gå det an å vera med på delar av vandringa ned til kyrkja. Messa er sjølvsagt open for dei som ikkje har vore med på turen også.

Under messa blir det tatt opp eit offer til dekking av utgifter ved turen.

Sidan me skal vera ute heile dagen, er det viktig å ha med mat og nok drikke. Noko å sitja på er også lurt. Gode sko og kanskje ein vandringsstav er bra.

Ein liknande tur var planlagd i juni 2020,

men då regna det så kraftig at me måtte avlyse. Me håpar at verken været eller smittesituasjonen gjer at me må avlyse nok ein gong. De får fylgje med i Vest-Telemark Blad og på Seljord kyrkje sine nettsider når tida nærmar seg.

Soknerådet håper at mange av dykk vil vera med oss på tur og messe denne dagen.

Vel møtt!

*Helsing Seljord sokneråd ved Bergit Telnes*

## Føremiddagstreff på Seljord misjonshus

Etter eit langt opphold på grunn av koronaepidemien, er me etter kvart klare til å ha føremiddagstreff på misjonshuset. Dette går føre seg siste fredagen i månaden, og me satsar på å få til eitt treff i april. Me møtest kl 11.00 og held på ca to timer.

Me et føremiddagsmat saman, og så blir det mykke song og musikk. Andakt blir det også. Utlodding av

fine gevinstar hører også med. Me tek sjølvsagt omsyn til smittevern med å beregne god avstand, og me har handsprit nok til alle.

Då håper me på å sjå mange av dykk **fredag 30. april**.

Helsing Seljord sokneråd

## Føremiddagstreff på Sion i Flatdal

Det startar opp att med føremiddagstreff i Flatdal. Det blir sosialt samvær på Sion i Flatdal med andakt, song, bevertning og loddosal. Det startar kl. 11:00 på onsdagane 17. mars, 14. april og 19. mai.

## Tysdagsklubb

Etter eit lengre opphold på grunn av smittevern, er me klare for Tysdagsklubb igjen. Oppleget er som tidlegare med varm mat for barn og foreldre, leik og song, Bibelforteljing og ulike hobbyaktivitetar.

Natalia Furmanova er med på Tysdagsklubben og lærer oss nye songar og leikar.

Me tek smittevernet på alvor, og ynskjer både ungar og foreldre velkomme til Tysdagsklubb. Dataar og klokkeslett står i annonsa under stykket.

Me har også eigen Facebookside der de blir minna om neste samling for klubben vår.

BLT



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, Bibelforteljing og song.

### Våren 2021

Tysdag 13. april  
Tysdag 11. mai

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset  
(like ved Ungdomsskulen)

# Gudstenester

## Palmesøndag – 28. mars

Flatdal kyrkje 11.00

Offer: Misjonsprosjektet NMS

## Skjærtorsdag – 01. april

Nutheim kapell 19.00

Offer: Ungdomsarbeidet

## Langfredag – 02. april

Manndal kapell 11.00

Seljord kyrkje 19.00

Offer: Kirkens SOS i Telemark

## Påskedag – 04. april

Høgtidsmesse Seljord kyrkje

11.00

Offer: Misjonsprosjektet NMS

Gudsteneste Svartdal kapell

15.00

## 2.s. i påsketida – 11. april

Åmotsdal kyrkje 11.00

Offer til barnearbeidet

## 3.s. i påsketida – 18. april

Flatdal kyrkje 19.00

Offer til ungdomsarbeidet

## 4.s. i påsketida – 25. april

Seljord kyrkje 11.00

Offer til diakoniarbeidet

## 5.s. i påsketida – 02. mai

Flatdal kyrkje 11.00

Offer til kyrkjelydsarbeidet

## 5.s. i påsketida – 02. mai

Flatdal kyrkje 11.00

Offer til kyrkjelydsarbeidet

## Laurdag før 6.s. i påsketida – 08. mai

Seljord kyrkje 10.30; 12.00; 13.30

Konfirmasjon

Offer til ungdomsarbeidet

## 6.s. i påsketida – 09. mai

Seljord kyrkje 11.00

Konfirmasjon

Offer til ungdomsarbeidet

## 8.s. i trieiningsstida – 18. juli

Seljord kyrkje 11.00

Offer: Ungdomsarbeidet

## 9.s. i trieiningsstida – 25. juli

Uppigard Natadal 12.00

Offer: Kirkens SOS i telemark

## 10.s. i trieiningsstida – 01. aug

Seljord kyrkje 11.00

Offer: Laget NKSS

## 11.s. i trieiningsstida – 08. aug

Flatdal kyrkje 11.00

Offer: Trusoplæring

## 12.s. i trieiningsstida – 15. aug

Seljord kyrkje 11.00

Offer: Alpha Norge

## 13.s. i trieiningsstida – 22. aug

Manndal kapell 11.00

Servering av graut etter messa

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 14.s. i trieiningsstida – 29. aug

Seljord kyrkje 11.00

Offer: Diakoniinstitusjonane

## 15.s. i trieiningsstida – 05. sept

Flatdal kyrkje 11.00

Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## 16.s. i trieiningsstida – 12. sept

Dyrskuplassen 11.00

Offer: Kirkens nødhjelp

## 17.s. i trieiningsstida – 19. sept

Flatdal kyrkje 11.00

Offer: Ungdomsarbeidet

## 18.s. i trieiningsstida – 26. sept

Seljord kyrkje 11.00

Visitasgudstjeneste

Offer: Ønsket og Elsket

## Endringar kan koma

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

